



Nasjonale kulturbrygg

Kap. 322, Post 70 – Søknadsskjema

Under denne posten på statsbudsjettet gis det tilskudd til bygninger og lokaler for institusjoner og tiltak som har en nasjonal oppgave, en landsomfattende funksjon eller en viktig landsdelsfunksjon innenfor kulturfeltet. Byggeprosjektene skal dekke behovet for forsvarlig areal, økt funksjonalitet, og/eller økt sikkerhet gjennom ombygging og/eller nybygg. Bygningene skal ha høy arkitektonisk kvalitet. Se fullstendige retningslinjer på: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskudd-fra-kulturdepartementet-til-kulturbrygg-2018/id2538007/>

Søkers kontaktinformasjon

| | | | |
|------------------------------------|---------------------------------|--|----------------|
| Virksomhetens navn: | | Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane | |
| Adresse: | | Gota 16 | |
| Postnr.: | 6823 | Poststed: | Sandane |
| Org.nr.: | 994 179 136 | Kontonr.: | 37051696647 |
| Kontaktperson: | | Anne Kristin Moe | |
| E-post: | Anne.Kristin.Moe@misf.museum.no | Tlf. nr.: | 951 41 894 |
| Søknadssum Kulturdepartementet: | Kr. 10 000 000 | Total prosjektkostnad eks. mva.: | Kr. 32 000 000 |

Prosjektet / bygget

| | | | |
|--------------------|---|----------|--------------------|
| Prosjektnavn: | Verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta | | |
| Byggherre: | Musea i Sogn og Fjordane | | |
| Byggets eier: | Musea i Sogn og Fjordane | | |
| Byggets forvalter: | Hvis den som skal disponere/forvalte bygget er annen enn eier | | |
| Byggets lokasjon: | Nord 6881353.17 Øst 36900.25 | | |
| Fylke.: | Sogn og Fjordane | Kommune: | 1445 Gloppe |
| BTA.: | 951,1 m ² | NTA: | 850 m ² |

Tiltakets karakter (kryss av for relevante alternativ(er)):

- Nybygg; Tilbygg; Ombygging; Oppgradering;
 Annet: Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

| | |
|----------------------|--|
| Prosjektbeskrivelse: | Bygget er organisert med ein stor jektehall mot nord og service- og utstillingsareal mot fjorden i sør. Langsidene er i stor grad tette medan det er store glasflater i begge gavlane. Bygget er konstruert med limtrerammer. På ytterstida er veggane og pulttaket kledd i tjærebreidd spon. På avstand |
|----------------------|--|

| | |
|--|---|
| | <p>understrekar den mørke spona den stramme forma, medan den på nært hold gir stor variasjon og trekvaliteten kjem fram. På innsida står materialane i større kontrast til sjølve jekta. Limtrerammene er synlege med ein lys treplatekledning mellom seg. Bygget er klimaregulert i høve fukt og temperatur, og jekta sikra med naudsynt oppstøtting.</p> <p>Frå inngangen går ein rett på resepsjonen med garderobe og sitteplassar mot sør. På den andre sida opnar rommet seg mot Holvikejekta. Planløysinga leder publikum først inntil og rundt jekta, deretter oppover ei rampe langs ytterveggen slik at ein ser heile skipsforma. Rampa går vidare bak jekta og langs den andre sida. Der kjem ein heilt inntil og i høgde med ripa. Rampa ender i ein mesaninetasje med utstillingsareal. Her ser ein rett på stamnen og opplever jekta si fulle lengde.</p> <p>Det er også ein kjerne med trapp og heis frå grunnplan, via andre og til eit tredje nivå. Øvst er eit galleri i heile bygget si lengde, som gir fullt overblikk over jekta og utstilte båtar. Her får ein også utsyn over fjorden og Sandane sentrum.</p> |
|--|---|

| | |
|-----------|---|
| Formålet: | <p>Formålet med byggeprosjektet er å vise Holvikejekta i mest mulig opphavelig stand, for notida og for framtidige generasjonar. Holvikejekta er det største klinkbygde fartyet i Nord Europa og unik i verda. Av alle jektene som gjekk langs norskekysten i fleire hundre år, står berre Holvikejekta igjen i opphavelig stand - anerkjent som eitt av Noregs viktigaste maritime kulturminne.</p> <p>Holvikejekta er ei kjelde til ein byggetradisjon, ein fartytype og ein ambisjon om å bygge ei jekt som kunne ta mest mogeleg last. Effekten av byggeprosjektet vil vere å sikre Holvikejekta som ei viktig historisk kjelde og å auke attraksjonsverdien, skape fleire besökande, og auke opplevingsverdien til dei som kjem.</p> <p>Det er behov for eit verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Det noverande bygget gjev vern motvêr og sollys, men ikkje sviningar i temperatur og fukt, brann og skadeverk. Jekta er i eit område med husbukk i tillegg til stripa borebille, og slik jekta står no, er dette vanskeleg å kontrollere.</p> <p>Publikum har berre høve til å sjå jekta ute, gjennom netting frå eit lite galleri på eine sida. Eit kulturbygg, der vi har kontroll på klima, oppstøtting og tryggleik, vil vere ei ramme som står i forhold til den store kulturhistoriske verdien jekta har, lagt til rette for å ta imot besökande, og som gjev mogelegheit til heilårs formidling. I 2019 opnar Jektefartsmuseet i Bodø. I form av sin byggeteknikk, historie og geografiske plassering vil Holvikejekta komplettere formidlinga av norsk jektefart.</p> |
|-----------|---|

| | |
|-----------------------|--|
| Universell utforming: | <p>Bygget blir utforma i samsvar med TEK 17, §12.1 om universell utforming. Det er tilkomst for bil og parkering rett ved hovudinngangen, og publikumsinngangen er på bakkeplan.</p> <p>Bygget har doble dører med automatisk opnar. Det er toalett for tilsette og publikum, inklusive HC-toalett på grunnplan. Det er heis i bygget til alle nivå og rampene har breidde og stigning tilpassa rullestol. Rampene er vidare utforma med rekkskiver som gir sikt til jekta uavhengig av høgde.</p> |
|-----------------------|--|

| | |
|----------|--|
| Sikring: | Det er gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse for Holvikejekta i samband med sikringsplan for MiSF (vedteke 27.4.18). Her er det |
|----------|--|

| | |
|--|--|
| | <p>identifisert fleire risikofaktorar som vert teke omsyn til i utforminga av bygget, inklusive brann, innbrot og objektsikring.</p> <p>For å ha kontroll på innvendig klima, blir det lagt vekt på val av bygningsmateriale som stabiliserer temperatur og relativ luftfuktigkeit, kombinert med lågenergi klimaanlegg.</p> <p>I samband med detaljprosjektering vil det bli utarbeidd eit konsept for brannsikring, inklusive system for automatisk brannslokking samt rømmingsvegar. Det vil veljast hensiktssmessig branndetektering ut frå volumet til jektehallen og vasståkeanlegg. Bygget utførast med brannalarmanlegg med direkte kopling til vaksentral/naudetat. Bygget får skalsikring med innbrotsalarm og videoovervaking innvendig og utvendig. Det er vektaravtale på museet.</p> |
|--|--|

Økonomi og fremdrift

Oversikt over økonomien i prosjektet (kronebeløp eks. mva.).

| | |
|----------------|---|
| Budsjett bygg: | Rigg og drift av byggeplass: 620 000 Bygning – ARK: 8 800 000 VVS-installasjonar: 2 000 000 El-installasjonar: 1 200 000 Tele- og automatiseringsinstallasjonar: 675 000 Heis, andre installasjonar: 600 000 Utandørsarbeid: 11 250 000 Generelle kostnadar: 1 000 000 Uforutsette kostnadar risiko/uvisse 20 %: 5 230 000 Jektekostnader sikring i samband med flytting: 625 000 Sum 32 000 000 |
|----------------|---|

| | |
|---------------|--|
| Finansiering: | Gloppen kommune, satt av i Økonomiplan, kontakt: Jan-Kjetil Øygard (kultursjef), tlf: 977 77 397 10 000 000 Sogn og Fjordane fylkeskommune, handsamast i Fylkestinget 24.4.19, kontakt Jan Heggheim (fylkesdirektør næring og kultur), tlf: 905 66 623 10 000 000 Kulturdepartementet, kap. 322 post 70, Nasjonale kulturbrygg 10 000 000 Eigenfinansiering, MiSF, kontakt: Kjartan Aa Berge (adm.dir.), tlf: 414 46 439 2 000 000 Sum 32 000 000 |
|---------------|--|

| | |
|-----------------|--|
| Budsjett drift: | Skatt, avgift, forsikring etc. 47 500 Drift 76 000 Vedlikehald 80 750 Reperasjonar 23 750 Utviklingskostnadar 95 000 Energi 123 500 Reinhald 114 000 Sum 560 500 |
|-----------------|--|

| | |
|------------|---|
| Fremdrift: | Det er gjort avtale med Hardanger fartøyvernsenter om undersøking av konstruksjon for å laga ein tiltaksplan for ny oppstøtting og stabilisering av jekta |
|------------|---|

| | |
|--|--|
| | <p>våren 2019. Vidare er prosjektet er avhengig av offentlege tilskot for å kunne realiserast i samsvar med skisseprosjektet.</p> <p>Ved positivt vedtak av søknaden har vi følgjande framdriftsplan:</p> <p>Kontrahering og prosjektering haust 2019 – haust 2020</p> <p>Bygging 12 mnd, haust 2020 - haust 2021</p> <p>Driftsplanlegging haust 2021</p> <p>Opning haust 2021</p> |
|--|--|

Innlevering av søknaden

Dette skjemaet fylles ut elektronisk og lagres på egen datamaskin; deretter sendes det som vedlegg i e-post til Kulturdepartementet: postmottak@kud.dep.no. Evt. vedlegg av typen prosjektbeskrivelse, arkitekttegninger etc. kan ettersendes i separate eposter til samme adresse. Merk at departementet har en teknisk sperre på hvor store epost-vedlegg kan være, på maksimalt 15 Mb. Du vil motta en automatisk generert epost som kvittering på hver epost som blir mottatt og registrert av departementet.

| | |
|----------|---|
| Vedlegg: | <p>Vedlegg 1: Verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta</p> <p>Vedlegg 2: Holvikjekta Arne Emil Christensen</p> <p>Vedlegg 3: Holvik jekta Gunnar Eldjarn</p> <p>Vedlegg 4: Uttalelse om Holvikejektas kulturhistoriske verdi Nordlandsmuseet</p> <p>Vedlegg 5: Holvikejekta kulturhistorisk verdi Norsk forening for fartøyvern</p> <p>Vedlegg 6: Vernebygg for Holvikejekta Anbefaling av søknad Forbundet Kysten</p> <p>Vedlegg 7: Vedlegg til søknad Gloppen kommune</p> <p>Vedlegg 8: Prospekt (ettersendast)</p> |
|----------|---|

Søknadsfrist og svar

Søknadsfristen er 1. mars 2019 for søknader til statsbudsjettet for 2020. Svar på søknaden kommer etter at statsbudsjettet er vedtatt av Stortinget, som normalt behandles i desember.